
Saksnr: 2021/18979-3
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro
Dato: 23.10.2021

Til: Hovudutval for opplæring og kompetanse, Hovudutval for næring, Fylkesutvalet og Fylkestinget

Frå: Prosjektstyret for Fagskulen Vestland

Uttale frå prosjektstyret til sak om eigarstyring av Fagskulen Vestland

Prosjektstyret for Fagskulen Vestland har i møte 22.10.2022 handsama sak om uttale til politisk sak om eigarstyring av Fagskulen Vestland og gjev med dette uttale til saka.

Saka om eigarstyring viser tydeleg at fagskulen skal følgje personalforvaltninga og lønspolitikken til Vestland fylkeskommune. Prosjektstyret har ikkje innvendingar mot dette, men meiner at fylkeskommunen i større grad må gjere naudsynte tilpassingar i både personalforvaltninga, lønspolitikken og i andre saker. Fagskular har eit anna lovverk enn dei vidaregåande skulane som stiller høge krav til kvalitet i utdanningane; forvaltning av eigne forskrifter som regulerer studentane sine rettar og pliktar, samt vidare utvikling av studieplanar og nye utdanningar i tråd med arbeidslivet sitt behov for kompetanse. Det er styret for fagskulen som er ansvarleg for kvaliteten i utdanningane og at studentane får den utdanninga dei har rett på. Styret er også ansvarleg for studentane sitt fysiske og psykososiale arbeids- og læringsmiljø. Dette ansvaret ligg i det daglege til rektor å følgje opp, og krev såleis at fagskulen har naudsynt fagleg kompetanse og administrative system til å kunne følgje opp desse krava på ein måte som sikrar høg kvalitet i utdanningane.

Fagskulen har som vist i saka om eigarstyring støtte i fylkesadministrasjonen i høve til administrative system, IKT, eigedom og personalforvaltning, men det store apparatet som følgjer opp dei vidaregåande skulane har ikkje same oppfølging og tilrettelegging for fagskulen. Døme på dette er utarbeiding av lokale forskrifter for skulen, eksamen, inntak av studentar med meir. Såleis må fagskulen sjølv ha kompetanse og tilpassa system for å kunne handtere desse oppgåvene på ein måte som sikrar tilstrekkeleg kvalitet i forvaltninga. Fagskular utviklar sine eigne utdanningar, og er ansvarleg for at desse vert vidareutvikla slik at dei framleis er i tråd med samfunnet sitt behov for kompetanse. Det er ikkje sentralt gjevne studieplanar som er ferdig regulert frå eit direktorat, i staden er det NOKUT som fører tilsyn med at utdanningane held den kvaliteten dei skal ha, og at utdanningane er i tråd med lover og forskrifter. I ytste konsekvens kan NOKUT ta bort ein akkreditering. Ein fagskule har såleis eit langt større sjølvstendig ansvar for både kvaliteten i utdanningane og studentane, slik som høgskular og universitet har. Prosjektstyret meiner at dette krev at fylkeskommunen i større grad må ta styret og fagskulen med på råd og vere meir fleksibel i høve til mellom anna lønspolitikk og personalforvaltning, samt gjere naudsynte tilpassingar i ulike administrative system.

Vidare vil prosjektstyre tilrå at det vert gjort endringar i forslaget til vedtekter for styret for Fagskulen Vestland i høve til samansetning av styret, rapportering til eigar og fagleg uavhengighet.

Samansetning

Prosjektstyret meiner at det bør fastsetjast i vedtektene at administrativ eigarrepresentant i styret for Fagskulen Vestland ikkje skal vere avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse, slik at ikkje eit styremedlem også har personalansvar for rektor. Vidare meiner prosjektstyret at den administrative eigarrepresentanten bør vere avdelingsdirektør for innovasjon og næring, slik at fagskulen også har ei kopling til næringsavdelinga. Dette er slik det vert praktisert i styra i dag, og det bør formaliserast i vedtektene. På bakgrunn av dette vil prosjektstyret tilrå at § 1-2 fjerde ledd bokstav b vert som følgjer:

Ein representant frå fylkesadministrasjonen representert ved avdelingsdirektør for innovasjon og næring med ein varamedlem.

Vidare meiner prosjektstyret at arbeidslivsrepresentantane i styret bør vere velt blant partane i arbeidslivet. Fagskulen Vestland vert ein stor fagskule med 8 studiestader i heile Vestland, og det er viktig å sikre breidde i representasjonen frå arbeidslivsrepresentantane. På bakgrunn av dette vert det tilrådd at § 1-2 fjerde ledd bokstav c vert endra slik:

To representantar frå partane i arbeidslivet ved LO og NHO med ein varamedlem etter framlegg frå fylkesdirektøren.

Rapportering til eigar

På grunn av fristar for handsaming i politiske møter, samt tidspunkt for at årsrekneskap er klart vil prosjektstyret tilrå at rapporteringa delegerast til fylkesutvalet, med vidare melding til fylkestinget i juni. § 2-2 niande ledd vert føreslått endra som følgjer:

Styret skal utarbeide og leggje fram ei årsmelding for fylkesutvalet kvart år. Årsmeldinga skal gå vidare som melding til fylkestinget seinast innan juni. Styreleiar skal i samband med årsmeldinga orientere fylkestinget om utviklinga ved fagskulen.

Fagleg uavhengigheit

For at det ikkje skal vere tvil kring styret sitt mynde som øvste styringsorgan for fagskulen, og det faglege oppfølgingsansvaret for rektor, bør dette kome enda tydelegare fram av vedtektene. Det er styret som jf. fagskulelova § 12 skal tilsette rektor og sørge for at rektor har naudsynt fag- og leiarkompetanse. Vidare har styret mellom anna ansvar for kvaliteten i utdanningane og for at studentane sine rettar og plikter vert ivareteken. På bakgrunn av dette vert § 2-1 andre ledd tredje leddsetning føreslått endra slik:

Styret har det fulle fagleg oppfølgingsansvaret for rektor og fagskulen. Fylkesdirektøren gjev naudsynt administrative støtte i personalforvaltninga for styret og rektor, og ivaretek det administrative personalansvaret for rektor. Personalforvaltninga ved fagskulen skal vere i tråd med fylkeskommunen sin personalpolitikk.

Vedlegg:

1. Protokoll 221021

Møteprotokoll

Utval:	Prosjektstyret for Fagskulen i Vestland
Møtestad:	Nettmøte
Dato:	22.10.2021
Tid:	13:00 – 15:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Emil Gadolin	Leiar	Eigar (A)
Sigurd Reksnes	Nestleiar	Eigar (SP)
Rosalind Fosse	Medlem	Eigar (FRP)
Sonja Merethe Øvre-Flo	Medlem	Eigar (H)
Bård Sandal	Medlem	Eigar (adm.)
Ann-Kristin Kristoffersen	Medlem	Arbeidsliv, NHO
Sjur Inge Veim	Medlem	Tilsette
Tom Alexander Østensen	Medlem	Studentar

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Nils Petter Støyva	Medlem	Arbeidsliv, LO

Merknader

Per Arne Nygård (vara studentar) stiller som fast observatør med møte- og talerett. Nygård møtte.

Gunnar Barmen Solvåg (vara tilsette) stiller som fast observatør med møte- og talerett. Solvåg hadde meldt forfall til møtet.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Prosjektretor
Adeline B. Landro	Sekretariat for prosjektstyret
Reidar Grønli	Rektor for Fagskolen i Sogn og Fjordane
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Svein Heggheim	Administrativ støtte for prosjektstyret

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
GK 10/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2021/753	
GK 11/21	Godkjenning av møteprotokoll frå 17.09.2021	2021/753	
VS 12/21	Vedtaksaker Uttale i samband med politisk sak om eigarstyring av Fagskolen Vestland	2021/753	

Godkjenningssaker

GK 10/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

GK 11/21 Godkjenning av møteprotokoll frå 17.09.2021

Vedtak

Møteprotokoll frå 17.09.2021 vart godkjent utan merknader.

Vedtaksaker

VS 12/21 Uttale i samband med politisk sak om eigarstyring av Fagskulen Vestland

Forslag til vedtak

1. Prosjektstyret gjev uttale til sak om eigarstyring som følgjer:

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 22.10.2021

Prosjektstyreleiar Gadolin sette fram følgjande forslag til nytt vedtak:

«Prosjektstyreleiar og nestleiar vert gjeve mynde til å skrive uttale på bakgrunn av diskusjonen i møtet.»

Røysting

Prosjektstyreleiar sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Prosjektstyreleiar og nestleiar vert gjeve mynde til å skrive uttale på bakgrunn av diskusjonen i møtet.

Diskusjon

Følgjande punkt vart styre samde om i møtet i høve til å gje uttale til den politiske saka om eigarstyring av Fagskulen Vestland:

- Administrativ eigarrepresentant i styret for Fagskulen Vestland bør ikkje vere avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse, slik at ikkje eit styremedlem også har personalansvar for rektor. Administrative eigarrepresentant bør vere avdelingsdirektør for innovasjon og næring.
- Det vert føreslå å tilpasse tidspunkt for rapportering til eigar ved politisk nivå.

- Prosjektstyret ønsker at fagskulen sin faglege uavhengigheit må tydeleggjerast meir i vedtektene.
- Prosjektstyret meiner at fylkeskommunen må vere meir fleksibel og gjere større tilpassingar i høve til fagskulen (t.d. lønspolitikk og administrative system).
- Det bør fastsetjast i vedtektene til styret at arbeidslivsrepresentantane skal veljast frå partane i arbeidslivet ved LO og NHO.